

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 87

Namnet på vatnet Stölsvatnet

Kommune Bjerkreim

Fetlarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/Einar Berg etter oppdrag frå fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen i fylket.


S T Ø L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 25. aug. 1987.

Stølsvatnet har tidlegare vorte prøvefiska - den 3. aug. 1981. Konklusjonen den gongen var, at fiskebestandet såg ut til å vera tåleg bra avpassa næringsforrådet.

For å sjå om tilhøva hadde endra seg etter 6 år, vart så dette prøvefisket foreteke.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 26 aurar. Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk fram-synt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 15 røde og 11 lys-røde i kjøttfargen.

14 fiskar var gytefisk - resten gjeldfisk.

Vidare var det 13 hofiskar og 13 hanfiskar.

Det vart ikkje funne parasittar i nokon av fiskane.

Medelvekta av alle fiskane var 113.5 gram. Største fisken var 160 gram og 270 mm.

Ser vi på medellemgda og den årlege lengdetilveksten vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.8	10.2	16.3	21.1	23.3
Årleg lengdetilvekst i cm	4.8	5.4	6.1	4.8	4.7
Antall fiskar	25	25	25	23	5

Medel kondisjonsfaktor 0.92 tilseier noko mager, langstrakt fisk.


Set vi opp ein vekstkurve for auren i Stølsvatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne bli sjåande ut som synt på neste side. For samanliknings skuld har vi også sett opp vekstkurven frå 1981.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at fiskebestandet i Stølsvatnet ser ut til å vera litt i overkant av vatnet si bæremne. Fisken er blank og fin av utsjåande, og av godt brukande kvalitet og storleik.

Ser vi på omfarfordelinga, så vart over 80 % av fangsten teken på det eine garnet av omf. 26. Dette fortel at det er den mindre fisken som fullt ut dominerar sjølv om garnplasseringa også kan spela inn.

Vekstkurven er relativt god, men lengdeveksten har gått noko attende i høve til prøvefisket i 1981. Det same er også tilfelle med kondisjonsfaktoren. Denne var i 1981 presis 1.00 og i 1987 0.92. Auren har såleis vorte noko slankare enn den gongen. Storleiken på fisken har og gått attende. Medelvekta av prøvefiskane var i 1981 176.0 gram og i 1987 113.5 gram.



Praktiske tiltak.

Då vatnet er regulert, vil næringsforrådet for auren bli sterkt redusert. Ein må såleis intensivere fisket noko for å få meir samsvar mellom desse faktorane. Det er eit småvakse fiskebestand som Stølsvatnet i dag inneheld, så for å auka fiskestorleik og kondisjonsfaktor, må det fiskast noko hardare enn det som har vorte gjort.

Gytetilhøva i bekken frå Dalsvatnet er godt brukande, og vil normalt kunne sikre ei tilfredstillande rekruttering, om då ikkje vatnet blir for surt.

Som nemnt er auren blank og fin å sjå til, noko som for ein stor del skuldast botntilhøva (stein og fjellbotn).

Bortsett frå det som her er nemnt, kan ein førebels ikkje sjå andre aktuelle tiltak.

Stavanger 14. apr. 1988 Einar Berg